

# Til Vindafjord kommune

## Særutskrift frå styremøte i Vats Grendautval

Torsdag 13. januar 2011 på Vats skule kl. 19.00

Desse møtte: Åsmund Kalstveit, Hilde Fadnes Hølland, Kristin Ove Skare,  
Arve Mjølhus, Sverin Fatland, Jon Olav Velde  
(Anne Nesheim Myhre og Olaug Urdal kunne ikkje møta)

### Sak 6. Lysprosjekt ved sykkel- og gangstien i Øvre Vats langs E 134.

Grendautvalet er kjent med at det har blitt opparbeidd 3,2 km lang sykkel- og gangsti fra Knapphus til Aurdalsvegen på dugnad. Dette arbeidet har pågått sidan 1991.

Det er nå kome lysmaster opp langs vegen frå Knapphus til Øvre Vats bedehus. Dette arbeidet er også gjort på dugnad og ved innsamla pengegåver.

**Det er imponerande arbeid som er utført og det offentlege ved Statens vegvesen som har ansvar for slike vegar, har kome svært billig ut med denne sykkel- og gangstien. Difor meiner Grendautvalet at Statens vegvesen må hjelpe til med å fullføra denne strekningen med lysmaster.**

Dugnadsnemnda i Øvre Vats har nå kasta stafettspinnen vidare til oss i Grendautvalet og bede oss om å arbeidar vidare med å fullføra og finansiera lysmaster frå Øvre Vats bedehus til Aurdalsvegen. Her trengs det 30 master + graving og. legging av fundament og kabel i grøft eller i luft. Dugnadsnemnda kan hjelpe til med dugnad.

**Vedtak:** Grendautvalet ser svært positivt på det arbeidet dugnadsnemnda har lagt ned til nytte og glede for dei som ferdast langs denne sterkt trafikkerte vegen og vil gjerne hjelpe til med å få fullført lysprosjektet.  
Leiaren tek kontakt med Vindafjord kommune og Statens vegvesen, innhentar prisar hos til Haugaland Kraft og sender dei naudsynlege søknader for slike prosjekt.

Elles er Grendautvalet svært oppteken av trafikksikringsplanen som kommunen har. Her er det store utfordringar som grenadautvalet må følgja opp og få den kommunale handlingsplanen realisert med nemnde prosjekt:

- a. Forlenga sykkel- og gangstien langs E 134 frå Aurdal og nordover til Eikeland og Ølensvåg og vidare utover frå Knapphus mot Skjold.
- b. Ventefil eller rundkjøring ved Knapphus i vegkrysset mot Nedre Vats - ved E 134 til R 46.
- c. Sikra overgangen frå Knapphusgrenda og R 46 med gangbru/undergang.
- d. Sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus.
- e. Sykkel- og gangsti frå Vats skule til Gjerdesdalen/Illsvåg
- f. Sykkel- og gangsti frå Åmsosen til Stokkafeltet.

Øvre Vats 13. januar 2011

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-